



Arkivnr: 2014/13022-1

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.03.2014

## Rekneskapsrapport pr. februar 2014

### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga ved utgangen av februar. Det er enno for tidleg å koma med prognose for heile året. Fylkesrådmannen har så langt ikkje opplysningar om eller haldepunkt for at det går mot vesentlege budsjettoverskridingar.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.03.2014****Bakgrunn**

I tråd med dei vedtekte rekneskapsrutinane har fylkesrådmannen i denne saka ein gjennomgang av rekneskapen ved utgangen av februar.

**Rekneskapsrapport ved utgangen av februar 2014**

Dei fleste einingar hadde balanse eller små innsparingar i rekneskapen for 2013 og fylkesrådmannen har ikkje haldepunkt etter dei to fyrste månadane på at einingane ikkje skal kunne styre mot tilnærma balanse også i 2014.

Det er avgjerande for rekneskapsresultatet at det er god budsjettkontroll innanfor dei store sektorane opplæring og samferdsel.

Opplæring

Opplæringsavdelinga melder at det er balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av februar. Skulane har eit lite meirforbruk på nokre millionar kr pr. februar, men for resten av sektoren er det eit tilsvarande mindreforbruk.

Det vil alltid vere ein viss risiko knytt til endringar i linjeval og talet på klassar til hausten, men det er ikkje haldepunkt pr. februar om at det ligg an til overskridingar.

Normalt er det ein økonomisk risiko knytt til lærlingtilskotet. Dersom talet på lærlingar lagt inn i budsjettet ikkje slår til, kan dette gje avvik. Så langt i 2014 er vurderinga at risikoen for budsjettoverskridingar på denne posten ikkje er stor.

Samferdsel

Utviklinga på kostnadssida er totalt sett positiv for Samferdselsavdelinga dei to fyrste månadane.

Avdelinga har meldt frå om at ein så langt ligg nokre millionar kr under det som er budsjettet i billettinntekter. Fylkesrådmannen meiner det er for tidleg å konkludere med at denne trenden vil fortsette, men vil følgja utviklinga nøye og koma nærare attende til dette i tertialrapporten.

Dette er gledeleg at tiltak for å få ned reisetida på bussane har hatt ein positiv effekt. Prosentdel som kjøper reiseprodukt om bord på bussane i Bergensområdet har gått ytterlegare ned dei to fyrste månadane. Av dei ulike typene reiseprodukt er det no ein større prosentdel som kjøper periodeprodukt; frå rundt 48% på slutten av fjoråret til rundt 52% i februar. Prosentdel som kjøper reiseprodukt på mobil har auka dei to fyrste månadane samanlikna med 2013.

Overgang til meir periodeprodukt og kjøp via mobil kan isolert sett føre til ein nedgang i billettinntektene, men utviklinga er i tråd med målsettingane for å få fleire kollektivreisande.

Andre sektorar

Innanfor dei andre sektorane som Kultur og idrett, Tannhelse, Regional utvikling og fellesfunksjoner er det ikkje store risikofaktorar for avvik. Mesteparten av dei faste utgiftene er knytt til lønsutgifter og utbetaling av tilskot som fylkeskommunen har god styring og kontroll over. Det er heller ikkje så stor risiko knytt til inntektspostane på desse sektorane.

Risiko knytt til store inntekts- og utgiftspostar

Store inntekts- og utgiftspostar, som er avgjerande for totalprognosen på grunn av ein viss risiko for avvik, er netto renteutgifter, lønsavsetjing, pensjonsutgifter og konsesjonskraft. Ut frå rekneskapsstatus dei to fyrste månadane og tilgjengelege opplysningar har ikkje fylkesrådmannen haldepunkt for at det går mot vesentlege budsjettoverskridingar på desse postane.

### Skatt og rammeinntekter

I tillegg til postane nemnt ovanfor er sjølvsagt skatt og rammeoverføringar svært avgjerande for korleis rekneskapsresultatet vert. Det rekneskapsmessige overskotet vart til saman 130 mill. kr i 2013, mest på grunn av at skatteinngangen vart 82 mill. kr over det som var budsjettert. Fylkesrådmannen kan ikkje forskottere at skatteinngangen vert høgare enn det som er budsjettert i 2014. Skatteinngangen ved utgangen av februar ligg nokre millionar kr under budsjett, men historisk sett har skatteinngangen variert ein del frå år til år ved starten av året.

### Tabell over status

Tabellen nedanfor viser status for rekneskapen ved utgangen av februar. Ved jamt forbruk gjennom året skal omlag 17% av budsjettet vera brukt etter to månadar og mange budsjettområde viser godt samsvar med dette. Nokre budsjettområde har ujamt forbruk gjennom året og dette går fram av tabelloversynet.

### Oppsummering

Fylkesrådmannen har så langt ikkje opplysningar om eller haldepunkt for at det går mot vesentlege budsjettoverskridingar. Til fylkestinget sitt møte i juni vert rapport over rekneskapsutviklinga etter 1. tertial lagt fram. Då vil ein ha betre oversyn over rekneskapsutviklinga på dei postane nemnt ovanfor som er mest avgjerande for totalprognosen for året. M.a. vil ein då ha oversyn over skatteinntekter for 4 månader av 2014 og betre haldepunkt for renteutviklinga.

Tabell som viser rekneskapsstatus:

	Rekneskap feb. 2014	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud.	Prognose budsj.avvik	Rekneskap feb. 2013
<b>Politiske organ og adm.</b>					
Kostnader:	71 486	292 778	24,4 %		55 423
Inntekter:	-4 695	-13 143	35,7 %		-4 842
<b>Netto</b>	<b>66 791</b>	<b>279 635</b>	<b>23,9 %</b>	<b>0</b>	<b>50 581</b>
<b>Fellesfunksjonar</b>					
Kostnader:	7 565	135 323	5,6 %		7 160
Inntekter:	-1 880	-25 900	7,3 %		-958
<b>Netto</b>	<b>5 685</b>	<b>109 423</b>	<b>5,2 %</b>	<b>0</b>	<b>6 202</b>
<b>Opplæring</b>					
Kostnader:	564 007	3 103 065	18,2 %		498 713
Inntekter:	-88 984	-390 215	22,8 %		-89 699
<b>Netto</b>	<b>475 023</b>	<b>2 712 850</b>	<b>17,5 %</b>	<b>0</b>	<b>409 014</b>
<b>Tannhelse</b>					
Kostnader:	50 874	275 857	18,4 %		51 869
Inntekter:	-14 830	-91 683	16,2 %		-13 514
<b>Netto</b>	<b>36 044</b>	<b>184 174</b>	<b>19,6 %</b>	<b>0</b>	<b>38 355</b>
<b>Regional utvikling</b>					
Kostnader:	13 185	268 283	4,9 %		12 482
Inntekter:	-44 622	-179 028	24,9 %		-44 814
<b>Netto</b>	<b>-31 437</b>	<b>89 255</b>	<b>-35,2 %</b>	<b>0</b>	<b>-32 332</b>
<b>Fylkeskom. næringsverksemd</b>					
Kostnader:	7 237	50 000	14,5 %		6 414
Inntekter:	-22 399	-144 450	15,5 %		-25 366
<b>Netto</b>	<b>-15 162</b>	<b>-94 450</b>	<b>16,1 %</b>	<b>0</b>	<b>-18 952</b>
<b>Samferdsel</b>					
Kostnader:	383 458	2 719 885	14,1 %		370 216
Inntekter:	-155 748	-1 006 132	15,5 %		-141 204
<b>Netto</b>	<b>227 710</b>	<b>1 713 753</b>	<b>13,3 %</b>	<b>0</b>	<b>229 012</b>
<b>Kultur</b>					
Kostnader:	50 771	302 735	16,8 %		61 390
Inntekter:	-7 527	-138 367	5,4 %		3 881
<b>Netto</b>	<b>43 244</b>	<b>164 368</b>	<b>26,3 %</b>	<b>0</b>	<b>65 271</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>					
Inntekter:	-952 726	-5 710 250	16,7 %		-897 321
<b>Netto</b>	<b>-952 726</b>	<b>-5 710 250</b>	<b>16,7 %</b>	<b>0</b>	<b>-897 321</b>
<b>Renter og avdrag</b>					
Kostnader:	15 658	536 900	2,9 %		2 417
Inntekter:	-10 726	-59 550	18,0 %		-40
<b>Netto</b>	<b>4 932</b>	<b>477 350</b>	<b>1,0 %</b>	<b>0</b>	<b>2 377</b>
<b>Interne finansieringstransaskj</b>					
Kostnader:		73 900	0,0 %		
<b>Netto</b>		<b>73 900</b>	<b>0,0 %</b>		
<b>NTO DRIFT</b>	<b>-139 896</b>	<b>8</b>		<b>0</b>	<b>-147 793</b>
Momskomp. frå investering					-38 166
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-139 896</b>			<b>0</b>	<b>-185 959</b>